

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 25.11.2019, kl. 14:15-16:00

Sted: rom 400, HF-bygget

Til: Heming Gujord (undervisingskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad de Smedt (språkvitskap), Torodd Kinn (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norskursa), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant) og Espen Holthe (studentrepresentant)

### Saksliste

UUI-sak 9/19: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	2
UUI-sak 10/19: Orienteringssaker .....	2
O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI.....	2
O-sak 2: Ny mal for oppsett av opptakskrav for masterprogram .....	5
O-sak 3: Mentorordninga.....	5
O-sak 4: Programsensoravtalar ved LLE.....	5
O-sak 5: Ressursbudsjettering .....	5
O-sak 6: Emneevalueringar og programevalueringar .....	5
UUI-sak 11/19: Drøftingssaker.....	6
Drøftingssak 1: Programkoordinering.....	6
Drøftingssak 2: Undervise for første gong .....	6
Drøftingssak 3: Mandat for LLE.....	6
UUI-sak 12/19: Vedtakssaker.....	6
Vedtakssak 1: Vararepresentant til Studiestyret .....	6
Vedtakssak 2: Møteplan for våren 2020.....	7
UUI-sak 13/19: Ymist .....	7

## UUI-sak 9/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

## UUI-sak 10/19: Orienteringssaker

### O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 23.09.2019, kl. 14:15-16:00

Stad: rom 435, HF-bygget

Til stades: Heming H. Gujord (undervisingskoordinator), Erik Bjerck Hagen, Daniel Jung (vara for Rolf Beev, Koenraad de Smedt, Torodd Kinn, Christine Hamm, Keld Hyldig, Matti Wiik (vara for Aidan Conti) Bente Knold Kiilerich, Else Berit Molde, Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Karlstad Pold (studentrepresentant).

Meldt forfall: Rolf Beev, Aidan Conti

Saksliste

UUI-sak 4/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

UUI-sak 5/19: Orienteringssaker

O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI

O-sak 2: Dialogmøte med fakultetet

O-sak 3: Mentorordninga

O-sak 4: Programsensoravtalar ved LLE

O-sak 5: Nytt system for kvalitet i utdanninga

O-sak 6: Ny strategi ved LLE

O-sak 7: Internasjonalisering

O-sak 8: Planlegging av neste semester

UUI-sak 6/19: Drøftingssaker

Drøftingssak 1: UUI si rolle

Drøftingssak 2: Rapport frå arbeidsgruppa for vurderingsordningar

UUI-sak 7/19: Vedtakssaker

Vedtakssak 1: Møteplan for UUI hausten 2019

UUI-sak 8/19: Ymist

UUI-sak 4/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste er godkjende.

## UUI-sak 5/19: Orienteringssaker

### O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI

### O-sak 2: Dialogmøte med fakultetet

Sjå vedlagte rapport.

Fungerande studieleiar Signe Nilssen og undervisingskoordinator Heming H. Gujord gjekk gjennom rapporten og det som kom fram på møtet med fakultetet.

### O-sak 3: Mentorordninga

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord orienterte om at vi på instituttet er nøydde til å få til ei mentorordning. Dette er noko undervisingskoordinator og fungerande studieleiar vil prioritere hausten 2019.

Det er ulike måtar å gjere dette på, men for LLE sin del vil det vere mest føremålstenleg å nytte røynde studentar som mentorar.

Christine Hamm, fagkoordinator for nordisk litteratur, fortalte om eit opplegg på matematisk institutt der studentmentorar har kombinert kollokvium med oppgåveløysing der det òg blir sett av tid til spørsmål om studentkvardag og liknande. Dette fungerer visst veldig godt. På nordisk litteratur fungerer kollokvia meir eller mindre slik i praksis.

Når det gjeld det å bruke studentar som mentorar, kjem spørsmålet om lønskostnader opp. Instituttet må avklare med fakultetet om dette er noko ein kan få støtte til eller om ein må dekke det av budsjettet.

Studentrepresentantane er positive. Dei skal snakke med andre studentar for å få innspel til korleis dette kan gjennomførast på ein god måte.

### O-sak 4: Programsensoravtalar ved LLE

Det manglar mange avtalar ved instituttet. Vi må lage avtalar med programsensorar så snart som råd. Undervisingskoordinator Heming H. Gujord orienterte.

Det blei ytra ynske om meir informasjon om programsensorordninga og honorering. Dette skal bli sendt ut til medlemmene i UUI.

### O-sak 5: Nytt system for kvalitet i utdanninga

Fungerande studieleiar Signe Nilssen orienterte.

Det blei ytra ynske om å få sendt ut informasjon om det nye systemet for kvalitet i utdanninga. Dette skal bli sendt ut til medlemmene i UUI.

Fagkoordinator for nordisk språk, Torodd Kinn, som har vore involvert i prosessen med å utvikle det nye systemet, peika på at det ikkje er så store endringar for fagmiljøa samanlikna med korleis det har vore før. Han seier vidare at dialogmøtet er positivt for instituttet sidan ein kan få sett fokus på det som er viktig for oss. Det bør utviklast eit årshjul.

### O-sak 6: Ny strategi ved LLE

Det blir arbeidd med å utvikle ein ny strategi for LLE. Instituttleiar ynskjer å involvere miljøa og dei tilsette ved LLE i prosessen. UUI vil truleg bli involvert i utviklinga av den nye strategien. Undervisingskoordinator Heming H. Gujord orienterte.

Studentrepresentant Arnt Robert Leganger peika på at det var viktig å involverer studentane frå start.

### O-sak 7: Internasjonalisering

Fungerande studieleiar Signe Nilssen orientere om stoda. Det skjer mykje god internasjonalisering ved instituttet, men vi må arbeide med å få sendt ut fleire studentar. Instituttet skal gå gjennom alle avtalane sine i haust. Det er viktig at avtalane vi inngår er kvalitetssikra.

Koenraad de Smedt, fagkoordinator for allmenn lingvistikk, spurde kva som skulle til for å kvalitetssikre avtalar.

Denne saka vil bli grundigare diskutert på neste møte.

#### O-sak 8: Planlegging av neste semester

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord og fungerande studieleiar Signe Nilssen orienterte

-Ressursbudsjetting

-Timeplanlegging

-Leganto

#### UUI-sak 6/19: Drøftingssaker

##### Drøftingssak 1: UUI si rolle

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord: Instituttet må definere UUI sitt mandat. No fungerer det som eit orienteringsorgan. Vi bør definere eit mandat som vi tar opp på eit møte sidan.

Fagkoordinator for allmenn lingvistikk, Koenraad de Smedt: I tillegg til å sjå på mandatet, må vi sjå på samansetninga. Programstyreleiarar må vere meir inkludert. Mange av sakene vi snakkar om i UUI, er meir relevante for programstyrta enn for fagkoordinatorane.

Daniel Jung, vara, digital kultur: Eg er her for å forsvare ein pedagogikk og eit fag, og ynskjer at rolla til UUI er meir fagleg. Det er meir eit organ for å diskutere innhald enn å utføre ordre.

Fagkoordinator for nordisk språk, Torodd Kinn: Ein bør kunne diskuterer strategi for utdanning. No er UUI eit litt uforpliktande diskusjonsorgan.

UUI-representantane må peike ut faste vararepresentantar. Kan programstyreleiarane bli peika ut der dei ikkje sit i begge rollene?

##### Drøftingssak 2: Rapport frå arbeidsgruppa for vurderingsordningar

Rapporten var sendt ut med sakspapira.

Studentrepresentant Markus Karlstad Pold: Det einaste fokuset bør vere auka studiekvalitet. Det er ynskeleg med munnleg eksamen i tillegg til semesteroppgåver. Studentane ynskjer ikkje einpersonskommisjonar.

Fagkoordinator for teatervitenskap, Keld Hyldig: Munnleg eksamen er bra for fagleg dialog. Det er viktigare etter heimeeksamenar enn etter semesteroppgåver der den faglege diskusjonen skjer under rettleiing. Einpersonskommisjonar er ikkje bra.

Fagkoordinator for nordisk språk, Torodd Kinn: På nordisk språk har vi alt kutta veldig mykje. Vi kan vere villige til å redusere meir i prøvepunkt og sensorar, men korleis har kutta skjedd alle fagmiljøa generelt? Kan ein samanlikne? Det bør vere relevant med tal på emne og tal på prøvingspunkt i programma. Somme fag har fire emne på 100-nivå, medan andre har åtte. Vi kan ofte klare oss med éin sensor på lågaregradsnivå, men ikkje på høgare nivå.

Fagkoordinator for allmenn litteraturvitenskap, Erik Bjerck Hagen: Eg saknar talmaterialet som arbeidsgruppa har gått ut i frå. Vi bør uansett gå gjennom emna våre for å sjå om dei vurderingsordningane ein har, er dei beste.

Daniel Jung, vara, digital kultur: Kan vi vere sikre på at pengane vi sparar, faktisk går til undervisningskvalitet og ikkje blir trekte inn?

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord: Det ligg moglegheiter her for å flytte midlar frå vurdering til undervising.

UUI-sak 7/19: Vedtakssaker

Vedtakssak 1: Møteplan for UUI hausten 2019

Datoar:

21. oktober

25. november

Vedtak: UUI godkjenner møteplanen for hausten 2019.

UUI-sak 8/19: Ymist

Fungerande studieiar Signe Nilssen melde inn ein førespurnad frå Studvest til UiB om aukande bruk av obligatorisk aktivitet og oppmøte.

Tilbakemeldingane er at det er rett for somme fagmiljø, og at obligatorisk oppmøte har blitt innført av faglege og fagleg-sosiale grunnar. Ein må ha oppmøteplikt for å sikre deltaking i student-aktiv læring.

#### O-sak 2: Ny mal for oppsett av opptakskrav for masterprogram

Sjå vedlegg. Studieiar Signe Nilssen orienterer.

#### O-sak 3: Mentorordninga

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

#### O-sak 4: Programsensoravtalar ved LLE

Sidan sist møte har vi fått oppnemnd programsensor for teatervitskap, og vi har snart nye avtalar for nordisk språk og litteratur og klassisk. Programsensormappa blei sendt ut med førre referat.

Studieiar Signe Nilssen orienterer.

#### O-sak 5: Ressursbudsjettering

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

#### O-sak 6: Emneevalueringar og programevalueringar

Studieiar Signe Nilssen orienterer.

Sjå vedlagt plan for programevaluering ved HF og skjema for eigenvurdering.

## UUI-sak 11/19: Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: Programkoordinering

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord innleier

### Drøftingssak 2: Undervise for første gong

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord og seniorkonsulent Anna Kristina Polster har laga framlegg til eit informasjonsdokument som vi kan gi til nytilsette som skal undervise for første gong. Sjå vedlegg.

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord og studieleiar Signe Nilssen innleier.

### Drøftingssak 3: Mandat for LLE

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord har laga eit framlegg til nytt mandat for LLE. Sjå vedlegg.

## UUI-sak 12/19: Vedtakssaker

### Vedtakssak 1: Vararepresentant til Studiestyret

Undervisingskoordinator Heming H. Gujord er LLE sin representant i Studiestyret ved HF. Han treng ein vararepresentant.

Christine Hamm er foreslått som vararepresentant.

Framlegg til vedtak: UUI utnemner Christine Hamm som vararepresentant for Studiestyret ved HF.

## Vedtakssak 2: Møteplan for våren 2020

Framlegg til møtedatoar:

Måndag 3. februar

Måndag 30. mars

Måndag 15. juni

Framlegg til vedtak: UUI vedtar møteplanen for våren 2020.

## UUI-sak 13/19: Ymist